

Asplan Viak AS  
Enenvegen 2a  
6416 Molde

17.01.2025

[irene.rokstad@asplanviak.no](mailto:irene.rokstad@asplanviak.no)

## **Innspel – Varsel om utvida plangrense for detaljregulering Fannefjord drikkevannsbasseng**

Vi viser til kunngjering om oppstart av planarbeid datert 14.05.2024 og varsel om utvida plangrense av 12.12.2024.

Asplan Viak AS er plankonsulent for planforslaget og Molde vann og avløp KF er forslagsstillar/eigar av tiltaket.

Tiltaket skal ivareta og betra leveringssikkerheten for drikke- og slukkevatn i Hjelsetområdet knytt til nytt sjukehus og øvrig utbygging i området. Bassenga skal også kunne vera muleg reservevatn for sentrumsområdet i Molde.

Vi viser også til vårt innspel av 13.06.2024.

### Valg av lokalisering og konsekvensar

- Det vart i utgangspunktet vurdert 5 ulike lokaliseringar/alternativ. 2 av desse blei vurdert som aktuelle. Det valde alternativet (Alternativ 1, som er rimelegast av alle) blir vurdert som 30% rimelegare enn det andre aktuelle alternativet (alternativ 4).
- Det er gjennomført vurdering av konfliktpotensialet v/Asplan Viak AS, der alternativ 1 og 4 er samanlikna. Vurderinga konkluderer med at Alternativ 4 er klart å foretrekka. Likevel har Molde vann og avløp KF vald Alternativ 1.
- Planområdet for det valde alternativet (Alternativ 1) omfattar ca 12 daa dyrka jord.

Molde vann og avløp KF ønskjer no å gå vidare med Alternativ 1, jfr planforslaget av 14.5.2024. Men plangrensa blir no utvida mot nord og aust. Det vil også bli utført konsekvensutredning for tema naturmangfold og landbruk.

### Våre kommentarar og innspel

1.Vi meiner at Alternativ 4 (Opdølsåsen) totalt sett er det beste alternativet. Då legg vi til grunn den utviklinga som vil bli i området, dei vurderingar som hittil er presentert i planarbeidet og ikkje minst eksisterande føringar knytt til arealbruk og beredskap.

2.Vi meiner det er feil beslutning å gå vidare med planlegging av Alternativ 1. Utviding av plangrense og gjennomføring av konsekvensutredning som anført endrar ikkje på at Alternativ 4 er langt betre enn Alternativ 1.

3.Med Molde vann og avløp si grunngjeving for valg av Alternativ 1 kunne Alternativ 4 like gjerne ha blitt vald, slik at ein kan spare ca 12 daa matjord.

4.Vi kan ikkje sjå at Molde vann og avløp KF i sitt valg av alternativ har foretatt ei heilskapleg vurdering verken av arealsituasjonen eller av totalkostnader med tiltaket. På arealet tilknytta Alternativ 1 er det nyleg bygd ny ammekufjøs og endra og tilpassa drifta til ny E39 som går gjennom området. Arealtapet som drikkevannsbassenget vil utgjera medfører at grunnlaget for drifta av ammekufløset vert vesentleg forringa. I kostnadsvurderinga av dei ulike alternativa er det ikkje tatt med kostnader med grunnnerverv/ekspropriasjon som som må gjennomførast dersom Alternativ 1 skal realiserast. Dette medfører at Alternativ 1 heller ikkje vil bli det rimelegaste alternativet.

5.Vi må få minna om at Molde vann og avløp KF i sitt valg om å gå vidare med Alternativ 1 ikkje har tatt omsyn til gjeldande føringar for arealbruk og beredskap. Det er heller ikkje tatt omsyn til Asplan Viak sin rapport av 19.4. om konfliktpotensial i planprosessen eller til totalkostnadane med realisering av Alternativ 1.

*Vår konklusjon er difor at planarbeidet knytt til Alternativ 1 snarast må overførast til Alternativ 4 Opdølhaugen.*

Med helsing

Leif Inge Grebstad  
Nestleiar

Atle Frantzen  
Sekretær/styremedlem